



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Grete Haugan
Telefon: 57643148
E-post: fmsfgha@fylkesmannen.no

Vår dato
21.11.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2010/15606- 461.3
Dykkar referanse

Avinor AS
Pb 150
2061 GARDERMOEN

Att. Kjell Otto Gjesdal

Førde lufthamn, Avinor AS - vidare forlenging av dispensasjon frå vilkår i utsleppsløyve

Fylkesmannen gir Førde lufthamn, Avinor AS forlenga dispensasjon frå nokre krav i utsleppsløyvet også for vintersesongane 2017/2018 og 2018/2019.

Avinor må syte for god informasjon til lokalbefolkninga om dei stoffane som vert brukt ved avisering, og kva for miljøeffektar desse kan ha.

I utsleppsløyvet til Førde lufthamn datert 11.03.2014 fekk Avinor løyve til utslepp av bane- og flyavisingskjemikal (glykol) til sjøresipient via kommunal avløpsleidning. Ein føresetnad var at om lag 70 % av totalt forbruk av glykol vart samla opp i tett tank.

Grunna avgrensa plass til lagring av snø på dekke med avrenning av glykol til tank, fekk Avinor vintersesongen 2015/2016 dispensasjon til å prøve ut ei ordning med å samle opp glykolureina snø i conteinar og tømme dette utfor kai i Kapstadvika i Dalsfjorden. Denne dispensasjonen vart etter søknad frå Avinor forlenga for vintersesongen 2016/2017. Det var då ein føresetnad for dispensasjonen at det samtidig vart jobba med meir langsiktige tiltak som kan gi betre miljøforhold rundt flyplassen.

Avinor har i løpet av dei to siste åra sett i gang fleire tiltak ved lufthamna for å avgrense skadeleg effekt av avisingskjemikaliar på ytre miljø. Mellom anna er dekket på avisingsplattforma forsegla for at væske lettare kan renne til oppsamlingstank, og Widerøe har fått pålegg om å parkere fly i hangar over natta når det er fare for nattefrost for å redusere bruken av flyavisingsvæske.

Leinga i Avinor ga 16.11.2017 klarsignal for eit større byggeprosjekt på lufthamna. Det skal byggast nytt driftsbygg med m.a. vaskehall med tilknytning til ein ny oljeutskiljar og avløpssystem. Det vert og bygd eigen hall for lagring av glykolhaldig snø. Denne skal ha tett dekke med avløp til ny og større fordrøyningstank for flyavisingsvæske. Tanken vil få pumpekum, slik at det glykolhaldige vatnet på sikt kan pumpast til planlagd kommunalt spillvasssystem og reinseanlegg. Fram til reinseanlegg er bygd vil all oppsamla væske gå til utslepp via kommunal avløpsleidning i Dalsfjorden. Dette byggeprosjektet er planlagt ferdig våren 2019.

Høyring

Søknaden frå Avinor har vore sendt på høyring til Gauldalen kommune. Utvalet for næring og teknisk gav i møte 03.10.2017 følgjande uttale:

«Fylkesmannen må leggje vekt på at det vert gjeve god miljøinformasjon om den aktuelle glykoltypen og om handteringa som dispensasjonen gjeld, særleg til lokalbefolkninga i Bygstad og Indre Dalsfjorden..»

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for vedtak

Vi viser til vår vurdering og grunngjeving for vedtak i dispensasjon gjeve 16.10.2015 og forlenga dispensasjon datert 16.01.2017.

Fylkesmannen har hatt tett dialog med Avinor og Førde lufthamn sidan 2014 både ved tilsyn og gjennom fleire møte, og hovudtema har heile tida vore tiltak for å betre miljøforholda rundt flyplassen.

Det er allereie gjort nokre tiltak for å auke oppsamling og redusere bruken av flyavisingsvæske ved flyplassen, og Fylkesmannen ser det som svært positivt at det no vil bli gjennomført ytterlegare tiltak for å minske ureining frå flyavising. Avinor har sesongen 2016/2017 utvida miljøovervakainga med tre nye prøvepunkt, to grunnvassbrønnar og ein i overflatevatn.

I rapporten frå miljøovervakainga siste sesong konkluderer Avinor mellom anna med:

- *Selv om det er påvist rester av avisingskjemikalier i vintersesongen i de mest utsatte områdene, viser analyseresultater at overflateresipientene tar seg inn igjen mtp oksygenforbruk mellom avisingssesongene. Dette samme er tilfelle i grunnvannet nedstrøms snødeponiet. Driften har dermed ikke ført til en permanent miljøpåvirkning i grunnen eller i vannresipienter.*
- *Det er ikke påvist påvirkning i sjø ved Bygstad kai etter utsipp av glykolholdig vann fra lufthavnen.*

Fylkesmannen vurderer at dei miljøverknadene ein i dag har ved flyplassen vil vere akseptable i ein periode på to sesongar medan ein planlegg og gjennomfører utbygginga på flyplassen. På lengre sikt vil ein då få ei løysing med betre oppsamling av glykol, og dumping av snø vert ikkje lenger aktuelt.

Gaular kommune ber om at det vert lagt vekt på god miljøinformasjon om den aktuelle glykoltypen og om handteringa som dispensasjonen gjeld, særleg til lokalbefolkninga i Bygstad og Indre Dalsfjorden. Miljøinformasjonsloven pålegg alle verksemder å ha kunnskap om miljøforhold i eigen verksemd som kan medføre ein ikkje ubetydeleg skade på miljøet, og å gi denne informasjonen ut. Fylkesmannen ber difor Avinor om å syte for god informasjon til lokalbefolkninga om dei stoffane som vert brukt ved avisering, og kva for miljøeffektar desse kan ha. Dette kan anten gjerast skriftleg eller gjennom informasjonsmøte.

Avinor har også søkt Fylkesmannen om nytt permanent utsleppsløyve for Førde lufthamn. Det vert her søkt om bortfall av krav om dokumentasjon på oppsamlingsgrad for flyavisingsvæske, og at den månadlege testinga av skumkanon vert teke inn i løyvet. Dette vil bli handsama som eigen sak, og søknaden blir lagt ut til offentleg høyring i løpet av 2017.

Konklusjon

Med heimel i ureiningslova §18 gir Fylkesmannen Førde Lufthamn, Avinor AS dispensasjon frå krav i utsleppsløyve slik at det vintersesongane 2017/2018 og 2018/2019 kan vidareførast oppsamling av glykolhaldig snø frå flyavising i dette containarar og dumping av snøen utfør kai i Kapstadvika i Dalsfjorden.

Følgjande punkt i løyvet vert mellombels endra slik:

Punkt 3.2.2. gjeld som før, men det vert opna for oppsamling av snø i væsketette containarar som eit tillegg.

Punkt 3.3. gjeld som før, men det vert opna for at oppsamla snø i væsketette containarar kan transporterast og dumpast utfor kai i Kapstadvika.

Punkt 3.4. det vert gitt dispensasjon for kravet om dokumentasjon av oppsamlingsgrad, men flyplassen må ha eit system for loggføring av tal tømmingar og anslått mengde snø som vert dumpa.

Det skal gjerast løpande vurderingar av prosjektet. Dersom dumpinga av snø fører til ulemper eller uønskte forhold i Kapstadvika, må dumpinga stoppast straks. Vurdering av dette må gjerast av Fylkesmannen i samarbeid med Gaular kommune.

I tillegg vert Avinor pålagt å syte for god informasjon til lokalbefolkninga om dei stoffane som vert brukt ved avisering, og kva for miljøeffektar desse kan ha.

Varsel om gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen si handsaming av søknader om nytt eller endra utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, jf. kap. 39 i ureiningsforskrifta. Vi varslar med dette at verksemda skal betale eit gebyr til staten på kr. 9300,- for Fylkesmannen si handsaming av søknaden, jf. § 39-4 i ureiningsforskrifta.

Dersom de ikkje har merknad til dette varselet, vil vi be Miljødirektoratet sende ut faktura på vegner av Staten etter om lag tre veker frå de ha motteke dette varselet. Gebyret forfall til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker. I ein eventuell klage skal ein opplyse nærmare kva det vert klagt på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjenvært, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendes til Fylkesmannen.

Offentleggjering av tidsavgrensa dispensasjon frå krav i løyvet

Vedtaket vert kunngjort på Fylkesmannen si nettside.

Verksemda skal gjere vedtaket offentleg kjent, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta. Den som har fått løyvet skal så snart som råd kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Kopi av kunngjering skal sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Dagny K. Ugulsvik Alvik
fagdirektør

Grete Haugan
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi med EDU til: Gaular kommune